



MELDING OM VEDTAK
frå

formannskapsmøte 28.1.2010

Saksnr	Løpenr.	Klassering	Avd / sakshandsamar	Dato
2009/69	788/2010	20090001	PUA/ SKR	01.02.2010

**PS 7/10 PRIVAT REGULERINGSPLAN MYLNA INDUSTRIOMRÅDE -
UTLEGGING TIL 1. GONGS OFF. ETTERSYN 2009/69**

Formannskapet si handsaming:

Ann M. Bjåstad Vikebakk stilte spørsmål om eigen gildskap. Ho gjekk frå.

6 Voterande

Røysting gildskap: Samrøystes ugild.

Ole Frank Bakken tok plass for Ann M. Bjåstad Vikebakk.

Einar Warholm kom inn på sin plass .

7 Voterande

Røysting:

Samrøystes

Formannskapet sitt vedtak:

I medhald av PBL § 12-10 vedtek Hareid formannskap å leggje forslag til privat reguleringsplan/detaljplan for Mylna Industriområde ut til 1. gongs off. ettersyn. Planforslaget er vist på plankart datert 05.01.2010, teikn.nr 20090001-0110, m/tilhøyrande føresegner, planomtale og illustrasjonsskisser.

Høyringsfrist vert sett til 6 veker.

Hareid, 1.2.2010.

Rett utskrift:

Elsa Gjerde
Utvalsekretær

Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering



SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2009/69	Løpenr. 351/2010	Klassering 20090001
Sakshandsamar:	Signe Rønnestad Kanstad, Plan- og utviklingsavdeling	

Utvalsaksnr Utval
FORMANNSKAPET

Møtedato

PRIVAT REGULERINGSPLAN MYLNA INDUSTRIOMRÅDE - UTLEGGING TIL 1. GONGS OFF. ETTERSYN

Tilråding frå rådmannen:

I medhald av PBL § 12-10 vedtek Hareid formannskap å leggje forslag til privat reguleringsplan/detaljplan for Mylna Industriområde ut til 1. gongs off. ettersyn. Planforslaget er vist på plankart datert 05.01.2010, teikn.nr 20090001-0110, m/tilhøyrande føresegner, planomtale og illustrasjonsskisser.

Høyringsfrist vert sett til 6 veker.

Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering

Vedlegg:

Nr.	Namn	Dato
1.	Sporstøl Arkitekter AS - Forslag til reguleringsplan/-detaljplan for Mylna Industriområde; plankart m/tilhøyrande føresegner, planomtale og detaljsskisser, vedlagt ROS-vurdering, innspel, samt rapport frå møte/synfaring 22.09.09 med NVE, kommunen og tiltakshavarane.	05.01.2010

Uprenta saksvedlegg:

Oppsummerande notat frå oppstartsmøte 13.01.2009.

Sak PS 14/09 FSK den 05.02.2009 - Vedtak om oppstart av planarbeid

Samandrag av saka/Saksopplysningar:

Ulstein Marin Teknologi AS og Hareid Elektriske AS har gått saman om å utvikle eksisterande industriområde på Raffelneset, og har engasjert Sporstøl Arkitekter AS til å utarbeide forslag til reguleringsplan/detaljplan for området. Formålet med planen er å betre rammene for utvikling av næringsverksemd i området med følgjande hovudgrep:

- Tilrettelegging for planlagd utvikling av næringsaktiviteten i området med fylling og planering.
- Etablering av kai med tilflot min 8 meter.
- Flytting av elveosen med tilhørende offentlige soner for offentlig bruk langs elva

Førehandskonferanse med kommunen vart halde den 13.01.2009 der idèutkast for utvikling av området vart presentert og drøfta. På møtet vart framlagt planskisser for ei felles utvikling av området, med sikte på tilrettelegging for etablering av maritim baseaktivitet og industri. Skissene illustrerte m.a. behov for utfylling og etablering av ein ny kaifront, samt utretting av elveløpet/osen i Hareidselva og såleis medføre ei endring i gjeldande plan for industriområdet Raffelneset (1986) og Industriområde Elvebakkane (1979). Ut frå planløyisingane som var skisserte såg ein det hensiktsmessig at planendinga for det aktuelle arealet vart fremja gjennom ein ny reguleringsplan.

Søknad om oppstart av planarbeidet vart handsama av formannskapet i møte den 05.02.2009, og formannskapet gjorde vedtak om at planarbeidet kunne startast opp, Jf sak PS 14/09 FSK. Utskrift av formannskapet sitt vedtak følgjer saka som uprenta vedlegg.

Den nye reguleringsplanen fekk nemninga "Mylna Industriområde" (*administrasjonen i samråd med namnenemnda*).

Forvarsling/oppstartsmelding vart kunngjort i Vikebladet og Sunnmørsposten og off. mynde, grunneigarar/nabo/-gjenbuarar samt aktuelle organisasjonar/interessegrupper vart varsla i eige skriv (mars 2009). Undervegs i planarbeidet har kommunen delteke i synfaring ilag med aktuelle off.mynde (*repr. frå kommunen, fylke, NVE og tiltakshavarar*). Rapport frå synfaring 22.09.2009 ligg ved.

Med sending datert 7. januar 2010 mottok kommunen forslag til reguleringsplan/detaljplan for området, vist på plankart datert 05.01.2010 m/reguleringsføresegner, planomtale og illustrasjonsskisser. Planområdet utgjer eit areala på ca 97,4 dekar (sjøarealet inkl.), og omfattar baa sider av utløps-osen i Hareidselva.

Planen er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslovens §§ 12-8 . Innspel frå off. mynde, og private grunneigarar o.a., motteke ved førehandsvarslinga, er presentert og kommentert i planomtalen.

Vurdering og konklusjon:

Ulstein Marin Teknologi AS har tidlegare presentert for kommunen utviklingsplanar for anlegget sitt på Raffelneset, og Hareid kommune har stilt seg positive til den satsinga som selskapet har planar om å gjennomføre (Sak PS 46/07 KST. 27.06.2007). Det nye no er at Hareid Elektriske AS som òg er etablert i dette området har gått saman med Ulstein Marin Teknologi om å utvikle dette industriområdet i fellesskap, og fremjar ein felles reguleringsplan for området.

Planforslaget som ligg føre er i tråd med prinsipp nedfelt i kommuneplanen og gjeldande regulering for området. Planarbeidet er gjennomført i samsvar med gjeldande plan- og bygningslov § 10-8, og føreslegne tiltak/utvikling av området er tydeleg presentert i plankart og illustrasjonar og skildra i planomtalen. Friluftssinteressene og naturmiljøet knytt til Hareidvassdraget synes å vere godt ivaretatt i planforslaget. Planlagde miljøtiltak i elva med tilrettelagd tilkomst/gangstiar og kopling mot Rotarystien vil vere positivt for friluftslivet. Dei landskapsmessige inngrepa i elveosen (utretting av elveløpet) er begrensa til utfyllingsområdet og har etter administrasjonen sitt syn fått ei akseptabel løysing.

Administrasjonen stiller seg positiv til ei utvikling av industriområdet på Raffelneset som skissert i vedlagde reguleringsforslag/detaljplan for "Mylna Industriområde", og meiner planløysingane som vert fremja vil kunne vere eit godt grunnlag for å kunne skape vekst og utvikling for verksemdene som vil satse.

Planforslaget vist på plankart datert 05.01.2010 m/tilhøyrande føresegner, planomtale og illustrasjonsskisser vert med dette lagt fram for formannskapet til handsaming med tilråding om utlegging til 1. gongs off. ettersyn, i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 12-10. Høyringsfristen bør fastsetjast til 6 veker.

Miljøkonsekvensar: Er vurdert i planforslaget.

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: Er vurdert i planforslaget

Hareid, [15.01.2010](#)

Arne Gunnar Aschehoug
rådmann

Signe Rønnestad Kanstad
leiar plan- og utviklingsavdelinga